



Kommunane i Rogaland

Kartlegging av krisesentertilboda i kommunane

Frå 01.01.10 blei kommunane pliktige etter krisesenterlova til å sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, barn og menn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Det følgjer også av krisesenterlova at Fylkesmannen skal føre tilsyn med korleis kommunane følgjer opp pliktene sine etter lova. Vi ønskjer derfor tilbakemelding på følgjande:

1. Korleis ivaretek kommunen plikta til å gje eit krisesentertilbod til innbyggjarane sine – korleis er tilbodet organisert?
2. Kven/kva for ein instans i kommunen har ansvar for å sikre at innbyggjarane har eller får eit krisesentertilbod?
3. Omfattar kommunen sitt tilbod opphald i eit krisesenter eller i eit mellombels gratis butilbod?
4. Blir det tilbydt oppfølging etter opphald i krisesenter/butilbod?
5. På kva måte blir tilbodet lagt til rette for den enkelte og ivaretek spesielle behov, jf. at tilbod skal vere individuelt tilrettelagt?
6. Korleis fungerer krisesentertilbodet i høve til/er samordna med andre deler av tenesteapparatet i kommunen?
7. Har kommunen eit internkontrollsystem for krisesentertilbodet?
8. Har krisesenterlova ført til at kommunen har endra krisesentertilbodet sitt, og ev. kva slags endringar?
9. Korleis blir innbyggjarane informert om kommunen sitt krisesentertilbod? Vedlagt er skriv som kommunen kan nytte.
10. Om kommunen ikkje allereie har eit krisesentertilbod – kva tiltak planlegg kommunen og kva er tidsplanen for dette?

Vi ber om tilbakemelding innan **31.03.10**.

Med helsing

Pål Iden
avd.direktør/fylkeslege

Britt Gjelsvik
rådgjevar

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 51568700	e-post: postmottak@fmro.no	Telefon: 51568700
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 44 Stavanger	Telefaks: 51568811	Heimeside: www.fylkesmannen.no/rogaland	Telefaks: 51568811

*Saksbehandlar: Britt Gjelsvik
Saksbehandlar sin telefon: 51 56 88 61
E-post: britt.gjelsvik@fmro.no*